


# Årsmelding 2021



# INNHALD

3. Vedtekter
4. Styrets arbeid
5. Strategiplan
6. Kommentar frå dagleg leiar
7. Organisasjon / verkstaden
8. Økonomi
9. Produksjon
10. Lærlingar / marknadsføring
12. Formidling
13. Opplæring / "Handlaga"
14. Helse, miljø og tryggleik
14. Generelt for Oselvarverkstaden
15. Signatur



# VEDTEKTER

## for Stiftinga Oselvarverkstaden

### § 1 Namn og forretningsadresse

Stiftinga Oselvarverkstaden vart skipa i 1997 av Os kommune og Os Båtbyggjarlag i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Namnet er Stiftinga Oselvarverkstaden. For alt som ikkje er regulert av desse vedtektene, gjeld lovgjevinga om stiftingar.

*Adressa er: Stiftinga Oselvarverkstaden, Hamnevegen 41, 5200 Os*

### § 2 Føremål

Føremålet er å ta vare på båtbyggjarhandverket som gjeld oselvaren, i pakt med tradisjonar og strenge krav til kvalitet. Dette skal ein oppnå ved at:

- A. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein tek vare på og utviklar spiss-kompetansen med bygging av små trebåtar.
- B. Oselvarverkstaden skal vera ein opplæringsstad for dei fylkeskommunale lærlingane.
- C. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der handverket kan vidareførast som ei livskraftig næring.
- D. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein vil formidla kunnskap om handverket og bruken av båten.

### § 3 Grunnkapital - Grunnkapitalen er på kr 50 000

### § 4 Styret

Styre for Stiftinga Oselvarverkstaden har fem medlemmer med personlege varamedlemmer som vert oppnemnde slik:

- Bjørnafjorden kommune - ein medlem
- Vestland fylkeskommune - ein medlem
- Dei fast tilsette på Oselvarverkstaden - ein medlem
- Styret for stiftinga vel to styremedlem. Ein skal vera frå norsk museumsmiljø og ha relevant kompetanse om tradisjonell småbåtkultur.

Funksjonstida til styremedlemmane følgjer kommunestyreperioden. Styret vel sjølv leiar og nestleiar. Styremedlem kan attveljast utan tidsavgrensing. Styret er vedtaksført når minst 3 medlem er til stades. Står røystene likt avgjer røysta til leiaren. Dagleg leiar er sekretær for styret og møter fast på styremøta. Styret kan i einskilde høve også gje andre møte- og talerett.

Styre tilset og kan seia opp dagleg leiar og båtbyggjarar, og fastset kven som skal ha det faglege ansvaret. Styret godkjenner årsmelding og årsrekneskap som dagleg leiar legg fram, og vedtek budsjett. Styret kan også vedta strategiske planar for drifta ved verkstaden. Styret vel revisor for stiftinga.

### § 5 Strategiutval

Oselvarverkstaden har eit strategiutval på minst fem personar, alle oppnemnde av styret. Strategiutvalet arbeider etter eit mandat gjeve av styret for verkstaden.

### § 6 Dagleg leiing

Styret tilset dagleg leiar, som skal fungere som sekretær for styret og står for den daglege drifta av Oselvarverkstaden. Det gjeld og produksjonsplanlegging, økonomistyring og organisering av arbeidet på verkstaden.

# STYRETS ARBEID

## Styret i meldingsåret 2021 har vore:

Leiar:	Henrik J. Askvik	<i>Oppnemnd av styret</i>
Nestleiar:	Stig Morten Frøiland	<i>Oppnemnd av Vestland fylkeskommune</i>
Medlem:	Helge Steinum	<i>Oppnemnd av Bjørnafjorden kommune</i>
Medlem:	Terje Planke	<i>Oppnemnd av styret</i>
Medlem:	Stig Salbu Henneman	<i>Vald av dei tilsette</i>

## Styremøter

Styret har hatt fire møter med 52 saker i 2021.

Møtedatoar var 8. mars, 10. mai, 20. september og 22. november.

## Budsjettmøte med Vestland fylkeskommune

6. mai 2021 hadde vi årleg budsjettmøte med Vestland fylkeskommune. Fagleg og dagleg leiar deltok på møtet som vart avvikla digitalt. Vi har ikkje hatt budsjettmøte med Bjørnafjorden kommune i 2021, men har hatt tett dialog med kultursjefen gjennom heile året.

Agenda for budsjettmøtet med fylket var mellom anna:

- Bruk av tilskot til verksemda for 2020 (gjennomgang av rekneskap og årsmelding for 2020)
- Verksemda sitt arbeid i 2021
- Verksemda sine planar og budsjett for 2022

På budsjettmøtet gjer me ei orientering til fylket om arbeidet som har blitt gjort på verkstaden det siste året. Samstundes orienterar me om planar for dei neste åra. Avtalen/tilskotet med Vestland fylkeskommune og Bjørnafjorden kommune er ein føresetnad for drift av Stiftinga Oselvarverkstaden. Det er og har alltid vore ein god dialog og forståing mellom partane.

For 2021 var stønaden **kr 1 113 000** frå **Bjørnafjorden kommune** og **kr 1 624 000** frå **Vestland fylkeskommune**. Tilskotet frå fylket har ikkje vore regulert dei siste åra og ligg difor på **same nivå i 2020, 2021 og 2022. Tilskotet frå fylket blir difor litt for lågt i forhold til tilskotet frå kommunen**. Vi har fått ekstra tilskot frå både fylke og kommune for å dekke tapte inntekter grunna Covid19.

Revisor for Oselvarverkstaden er **Os Revisjon**. Fram til 31. juli var **Azets Insights AS** rekneskapsfører, **1. august 2021** overtok **Tind Økonomi AS** ansvaret for rekneskaperen i verksemda.

## Dei viktigste sakene styret har handsama i 2021:

- Styret har hatt fokus på **Covid-19** og korleis dette har påverka drifta ved verkstaden.
- Utvikling av Oselvarverkstaden og innspel til sentrumsplanen for Osøyro.
- Nytt bygg for tørking og lagring av tømmer/material er på plass i Hegglandsdalen.
- VR-prosjekt/digital oppleving av verkstaden blei vedtatt og sett i gang. **Digitalbyrået PicaPoint** er i gang med arbeidet, resultatet skal vera klart hausten 2022.
- Styret vedtok å tilby plass til ein **lære kandidat**. Vi har difor hatt tre lærlingar på Oselvarverkstaden i siste halvdel av 2021.
- Grunna høge utgifter har vi avslutta samarbeid med **Opplæringskontoret IFOS** og tar no sjøl over ansvar for oppfølging/undervisning av lærlingane. **Teoriundervisning** skjer no i Norheimsund i regi av **Hardanger Fartøyvernssenter**.

- Styreleiar, dagleg leiar, kultursjef og kommunalsjef frå Bjørnafjorden kommune hadde digitalt dialogmøte med Norsk Kulturråd, 6. september, ang **framtidige finansieringsløysningar for Oselvarverkstaden**. På møte blei det klart at mykje ligg tilrette for at Oselvarverkstaden kan komme på statsbudsjettet, men det er mykje arbeid som må gjerast før ein eventuell søknad kan sendast. Dagleg leiar held fram med arbeidet i samarbeid med kultursjef Erik Vangsnes.
- **“Idédugnad for Oselvarverkstaden”** gjekk av stabelen i Oseana 14. oktober, omlag 25 deltakarar frå verkstaden, styret, kommune, fylke, kultur og reiseliv deltok. Det var mykje engasjement og begeistring, men óg ein del frustrasjon blant deltakarane. Evaluering frå samlinga gjer oss oversikt over behova og grunnlag for vidare arbeid med utvikling av verkstaden.
- Styret vedtok på siste styremøte i 2021 eit forslag om at verkstaden, anna kvart år, skal byggje ein **fordjupningsbåt**. Dette skal vera ein båttype som er i ferd med å gå i gløymeboka eller som ikkje har vore bygd på lang tid. Vi opnar og for å bygge andre vestlandske tradisjonsbåtar enn oselvar. Dette er i tråd med vedtektene.

# STRATEGIPLAN

Strategiplanen vart samrøystes vedtatt **24.09.2018**. Planen er ikkje tidsavgrensa, men kan reviderast når styret ser det tenleg. Strategiområda med tilhøyrande mål og tiltak er meint som eit styringsverktøy som skal gjenspeglast i budsjett og handlingsplanar.

## STRATEGIOMRÅDE

### Lærlingestrategi:

Vi skal være ein opplæringstad som tar vare på og utviklar handverket og ha som mål til ein kvar tid å ha to lærlingar i arbeid.

### Brukarstrategi:

Vi skal være eit kompetansesenter som er tilgjengeleg for båtbrukarane. Vi skal i samarbeid med kommunen legge til rette for at born og unge skal bli kjent med Oselvaren.

### Kompetansestrategi:

Vi skal ha kompetanse på bygging av alle typar Oselvar-båtar. Vi skal ta vare på og utvikle spisskompetanse i faget. Vi ønskjer ei kontinuerleg fagleg utvikling av dei tilsette, og skape eigarskap til eigen arbeidsplass.

### Sponsorstrategi:

Vi vil utvikle ein sponsorstrategi som stimulerar til samarbeid mellom næringsliv, privatpersonar, lag og organisasjonar. Arbeide aktivt i samarbeid med sponsorar for å spreie informasjon om Oselvaren og arbeidet til Oselvarverkstaden.

### Formidlingsstrategi:

Vi skal delta på messer og festivalar, dokumentere arbeidet vårt med tekst, film og bilete. Vi skal ha tett dialog med kommunen og fylkeskommunen for felles formidling av Oselvartradisjonen. Vi skal lage gode nettsider med relevant informasjon om arbeidet vårt.

### Nettverksstrategi:

Vi skal være ein del av fleire nettverk for formidling av handverk og norske tradisjonsbåtar.

### Samfunnsstrategi:

Vi skal være eit regionalt senter for oselvarar og mindre vestlandsbåtar. Sikre Oselvarverkstaden si historiske rolle og posisjon i kommunen og i fylkeskommunen. Være ein del av nasjonale målsetningar for utdanning og formidling av norsk småbåttradisjon.

# KOMMENTAR FRÅ

# DAGLEG LEIAR

Vi har endå eit år med restriksjonar og nedstengning bak oss. Dette har ført til lite besøk på verkstaden og redusert aktivitet. Vi har og avlyst reiser til messer og festivalar grunna restriksjonar og nedstenging.

Til tross for pandemien har vi hatt eit relativt aktivt år. Vi har levert fire færingar, i tillegg har Berit Osmundsen bygd ein åtring på Hordamuseet. Åtringen står no i grindbygget og er flott reklame for verkstaden og båtbyggertradisjonen i Bjørnafjorden. Berit avslutta stipendiatarbeidet med ein presentasjon av arbeidet og besøk frå Norsk Håndverksinstitutt i oktober 2021.

I mai leverte vi båt nummer 100 som er bygga på Oselvarverkstaden. Jubileumsbåten er ein tjørebehandla færing med rigg og vart bestilt av ein familie busett i Os. Vi hadde ein fin markering og fekk mykje god publisitet i lokalpressa. Færingen er bygd av Leif Harald Amundsen.



“Den nordiske klinkbåt-tradisjonen” vart innskrevet på UNESCO si liste over den immaterielle kulturarven i 2021. Dette var ei stadfesting av at det internasjonale samfunnet verdset klinkbåt-arven, og at tradisjonen og kunnskapen må sikrast i framtida.

Grunna pandemien vart også dette eit digitalt arrangement, men det vart til gjengjeld markert i heile landet.

Arbeidet som blir gjort på verkstaden og måten oselvarkulturen blir teken vare på, blei allereie ført inn på UNESCO-lista i 2016. Vi ligg altså inne på to vernelister hjå UNESCO.

*Oselvar nr 100 frå Oselvarverkstaden: Kunde Øystein og Dagmar Fosså Bunæs på bryggja framfor verkstaden saman med båtbyggjar Leif Harald Amundsen.*

I oktober fekk vi endeleg arrangert **“Ideédugnad for Oselvarverkstaden”** Dette vart

eit svært vellukka seminar med deltakarar frå kommune, fylke, reiseliv og mange andre eldsjeler som er oppteken av oselvaren. Det er mykje engasjementet kring Oselvarverkstaden i lokalmiljøet og det kom tydeleg fram at oselvaren og Oselvarverkstaden er viktig for lokal identitet. Det er mange sterke meiningar om **kva vi er** og **kva vi kan bli**, men alle var einige om at verkstaden er ein juvel som må foreldast.

I 2022 skal vi markere 25 årsjubileet til Oselvarverkstaden og eg håper at politikarane både lokalt og sentralt ser verdien i det vi held på med og vil vera med å utvikle Oselvarverkstaden vidare..

Os, 12. februar 2022

Vidar Langeland  
Dagleg leiar

# TILSETTE 2021



Stig Henneman  
*båtbygger*



Leif Harald Amundsen  
*båtbygger*



Berit Synnøve  
Osmundsen  
*fagleg leiar*



Vidar Langeland  
*dagleg leiar*



Maik Riebert  
*båtbygger*



Miriam Flagtvedt  
*lærling*



Torstein R. Huus  
*lærling*



Nis Kr. Nielsen  
*lærling*

Båtbyggerane **Leif Harald Amundsen** og **Stig Henneman** har hatt 100% fast stilling som båtbyggerar på Oselvarverkstaden. **Berit Synnøve Osmundsen** var i 20% stilling som båtbygger fram til oktober 2021, etter dette kom ho tilbake i 100% stilling som fagleg leiar. **Maik Riebert** har vore tilsett i 50% fast stilling som båtbygger. Han slutta etter eige ønske 1. august. **Sylvia Vangsnes** har vore tilsett som reinhaldar i 5,33 % stilling. **Vidar Langeland** har hatt 100% stilling som dagleg leiar. **Fredrik Meier** (avslutta læretida 31. mars 2021), **Nis Nielsen**, **Miriam Flagtvedt** og **Torstein R. Huus** har vore lærlingar i meldingsåret.

## VERKSTADEN

Oselvarverkstaden er ei sjølvstendig stifting som får økonomisk støtte frå Vestland fylkeskommune og Bjørnafjorden kommune. Verkstadslokala er eigd av Bjørnafjorden kommune.

### Leigekontrakt med Bjørnafjorden kommune

Vi har kontrakt med Bjørnafjorden kommune om leige av bygning og avtale om IKT og vedlikehald av bygg og uteområde. Avtalen gjeld framleis, men kontrakten treng oppdatering etter at Os og Fusa blei til Bjørnafjorden kommune i 2020.

### Fornyng av maskiner og utstyr


Vi fekk på plass nytt punktavsug som er ein god del kraftigare enn det gamle. Vi har bygga ny permanent tørkeplass i Hegglandsdalen. Dette sparar oss for mykje ekstraarbeid vår og haust. Vi har kjøpt ut bilen vi har hatt på leasing og står no som eigar av bilen.

### Stadig fokus på arbeidsmiljø og lokale

Vi er for tida tre båtbyggerar, tre lærlingar og ein på kontoret. Ein kan trygt sei at det er trøgt, og då særleg i produksjonen. Vi treng plass til å ta i mot skuleklassar, turistar, studentar og andre besøkjande. Plass og økonomi er framleis dei største utfordringane våre. Vi har såvidt byrja å legge planar for korleis vi kan utvide verkstaden, men er avhengig av eigar av bygget, Bjørnafjorden kommune, for å få framdrift i planane.

I samarbeid med arkitektkontoret ABO har vi fått laga nokre enkle skisser over korleis ein framtidig verkstad kan sjå ut. Dårlig økonomi har diverre stoppa vidare arbeid med dette. Vi lyt ofte improvisere for å få produksjon og logistikk til å fungere. Flytting av båtar og material som skal inn og ut av verkstaden er tungvint og krevjande. Ei utviding og ombygging av lokala står difor høgt på ønskelista.

# ØKONOMI



Driftsinntekt for 2021 var kr. 3 505 136,-, mot i 2020 kr. 3 673 415,-  
Varekostnad i 2021 var kr. -56 171,- mot i 2020 kr. 63 563,-

Personalkostnad for 2021 var på kr. 2 767 463,- mot i 2020 kr. 2 753 310,-  
Andre driftskostnader i 2021 er på kr. 721 140,- mot i 2020 kr. 679 389,-

Resultatet viser eit underskot pr. **31.12.2021** på **kr. -38 410,-**  
Samanlikna med 31.12.2020 då det vart eit overskot på **kr. 29 880,-**

**Sjå årsrekneskapan for 2021 for fleire detaljar.**



# PRODUKSJON

## Oselvarverkstaden har levert fire færingar i 2021

**Bygg nr 100:** Færing 10 1/4 al, **ferdig i 2020**, men levert april 2021. Tjørebehandla stasbåt. Komplet med rigg og dacronsegl. Kunde frå Os.

**Bygg nr 103:** Færing 10 al, komplett lakka robåt. Erstattar båt nr 102 (ein båt som blei tatt i retur pga feil) Levert i mai. Kunden kjem frå Bergen

**Bygg nr 104:** Færing 10 1/4 al. Komplet stasbåt ubehandla, men med rigg, ror og segl. Levert april 2021. Kunde frå Tyrifjorden.

**Bygg nr 105:** Færing 9 al. Tjørebehandla stasbåt. Båten vart levert i mars 2021 til kunde frå Osterøy.

## Ordretilgang

Ved årsskifte, 2021/2022 har vi to båtar i produksjon og tre i bestilling. I tillegg har vi starta bygging av ein æring til oss sjøl. Det betyr at vi har bra med arbeid i heile 2022. Vi vil kanskje ta inn nokre fleire reparasjonar i året som kjem.

## Tømmer/ tilgang på material

Båtbyggjarane hogg tømmer i Samnanger, ved Sævildsvatnet i januar. Same plass som i 2019 og 2020. Sævild er eit skogsområdet aust for Samnangerfjorden, med grei tilkomst og gode skogsvegar. Skjering av tømmer blei gjort på parkeringsplassen ved lageret vi leige i Hegglandsdalen. Der har vi óg lagra og tørka emne/material. Vi har henta eik både på Tysnes og i Bjørnafjorden. Mange tar kontakt med oss for å tilby eik som står i hagar.

Vi må heile tida vere i forkant og alltid ha god material på lager. Det har tidlegare vore krevjande å finna eigna skog, men no kan nytta hogstområdet i Samnanger eit par år til.



*Båtbyggjarane på skogsarbeid i Samnanger, ved Sævildsvatnet i januar 2021. Sævild er eit skogsområdet på austsida av Samnangerfjorden.*

# LÆRLINGAR

**Fredrik Meier** starta som lærling 1. september 2017. Han var ferdig med læretida 31. mars 2021. Han har no fagbrev og har fått seg arbeid som båtbygger hos Hardanger Fartøyvernssenter. 1. september 2020 kom **Nis Kristian Nielsen** til Oselvarverkstaden for å starte på læretida si. Nis er frå Danmark og skal vera lærling fram til 1. juli 2023. **Torstein Runde Huus** starta læretida si 1. september 2021. Torstein er trønder og blir her til 1. mai 2023. **Miriam Flagtvedt** (frå Bergen) starta som praksiskandidat i juni 2021. Miriam har kontrakt til februar 2025. Lærlingane gjer oss utfordringar i høve til økonomi og plass, men dei er bidreg til eit godt og inspirerende arbeidsmiljø.



Torstein Runde Huus



Nis Kristian Nielsen



Miriam Flagtvedt


# MARKNADSFØRING

I 2021 har vi hatt annonsar i Tidskriften Kysten. Vi betaler for oppføring hos Google og nokre gonger på Facebook. På slutten av året fekk vi flott omtale over åtte sider i magasinet "Båtens Verden" og det vart fine artiklar i lokalpressa i samband med levering av båt nummer hundre. Vi har ikkje vore på messer og festivalar det siste året. Pandemien har difor gjort det litt vanskeleg å nå ut til publikum utan å disponera eit stort reklamebudsjett.

Facebook-sida vår får stadig nye følgjarar. Vi legg ut nyttig informasjon og andre meir kuriøse saker. Facebook-sida hadde **8300 følgjarar** ved årsskiftet, omlag **900** av dei har kome til siste året. På Instagram har vi nesten **1362 følgjarar**. Sosiale media gjer oss moglegheit til å nå ut til publikum, men det er tidkrevjande arbeid.

Nettsida vår er godt besøkt og har etter kvart mykje bra innhald. Siste året hadde Oselvarverkstaden **146 000** klikk på nettsida. Det er i snitt nesten **360 brukarar kvar dag**. Alle desse klikka er ikkje reelle, mange av treffa er såkalla "spiderer" og annan tvilsam aktivitet. 13 % av treffa kjem frå USA, 12,5 % frå Danmark og 11,7 frå Noreg. Vi har altså eit særst internasjonalt publikum til trass for at nettsidene stort sett berre er på norsk. 84 prosent av besøka kjem frå datamaskin, resten kjem frå nettbrett/mobil.

Statistikken for det siste året fra **Facebook** og **Instagram** synar at det framleis er flest vaksne menn som er interessert i arbeidet vårt, men det er kjekt å sjå at vi får stadig fleire yngre følgjarar.



# FORMIDLING



Torstein lager årar på Bergen Sjøfartsmuseum

## Omvising på verkstaden

Grunna pandemien har vi hatt lite besøk siste året. Dei som har vore innom er gjerne båtkjøparar som vil følgje med på bygging av sin båten. Andre har vore innom og spurt om hjelp til reparasjon eller kjøp av material/utstyr. Vi har hatt få omvisingar og har vore stengt for publikum store deler av året. Til tross for dette har vi hatt fleire hundre skuleelevar innom i samband med Oselvardagane og vi har fått vist oss litt fram på marknadsgane.

### Formidling lokalt

Oselvarfestivalen og juleverkstad vart avlyst i 2021, men i juni var vi på stand i "Sommargata" i Os sentrum.

I september, berre nokre dagar før valet, fekk vi besøk av Statsminister **Jonas Gahr Støre** og Olje og energiminister **Marte Mjøs Persen**.

I november tok lærlingane Nis og Torstein turen til Bergen Sjøfartsmuseum og viste fram handverk under "**Maritime familiedagar**".



*Jonas Gahr Store og Marte Mjøs Persen var innom verkstaden i september.*



*På stand i juni, "Sommargata" i Os sentrum*

### Oselvardag for skuleelevar

Rundt tre hundre niandeklasse-elevar frå skulane i Bjørnafjorden besøkte verkstaden i samband med Oselvardagane. Arrangementet er ein del av den «**Den kulturelle skulesekken**» og eit samarbeid mellom **Oselvarlaget** og Oselvarverkstaden. Kvar skuleklasse fekk ein heil **Oselvardag**. Stig hadde ansvar for undervisninga på verkstaden. Etter dette tok Oselvarlaget over. Elevane fekk innføring i tauverk og knutar i tillegg til tryggheit på sjøen. Det kjekkaste var nok når dei fekk høve til prøva seg med roing og segling. Det var fint ver nesten heile perioden og elevane fekk mange flotte dagar på sjøen.



*September: Oselvardagar i Oselvo*

### Nasjonalt formidling av Oselvaren

Arbeid med pensum og studiplanar for tradisjonsbåtstudiet i Tromsø er enno ikkje avslutta. Berit Osmundsen og dagleg leiar deltok på Tradisjonsbåtkonferanse i Tromsø i oktober. Dette studiet var ein viktig sak på som blei presentert på møte. Berit Osmundsen og Terje Planke har hatt roller i planlegginga av studiet, men som alt anna, har og dette arbeidet vore forseinka av pandemien.

### Digital satsing

I 2021 fekk Oselvarverkstaden 400.000 kroner i støtte frå Kulturrådet for å laga ei digital lærings-plattform som skal ta i bruk VR-teknologi for å formidla bygging og bruk av oselvar. Bjørnafjorden kommune og Fjordfondet har og gitt økonomisk støtte til prosjektet.

Satsinga har eit totalbudsjett på 950.000 kroner, og blir utvikla av digitalbyrået Picapoint i samarbeid med båtbyggerane på Oselvarverkstaden. Gjennom video, animasjon og spelbare sekvensar vil vi bringa den lange historia til oselvaren ut til eit større publikum. Prosjektet er godt i gong og skal presanterast hausten 2022.



*Stonad frå Kulturrådet: Utvikling av digital lærings-plattform i samarbeid med Picapoint*

## OPPLÆRING

Våren 2021 prøvde vi oss på kilekløyving av både furu og eik. Vi fekk låne tømmerseg/sag/tigersvans frå Hordamuseet og sett opp stelling for saging av hals på gamle måten. Konklusjon: Det var mykje arbeid, men det ein fekk fleire halsar ut frå kvar stukk.

I september var **Leif, Stig, Nis** og **Torstein** på **Råsegelseminar** i Hasselvika ved Trondheimsfjorden. Tema for seminaret var jektesegling. Forbundet KYSTEN og Museet Kystens Arv sto som arrangør.



*Nis og Berit i arbeid med kilekløyving av eik*

## ÉCONOMUSÉE = HANDLAGA

Oselvarverkstaden er med i nettverket "Handlaga" som før vart kalla Économusée. Det er i dag tretten norske verksemder med i organisasjonen. Vi har berre hatt eit møte i nettverket i 2021. Den norske avdelinga er for tida administrert av «Norges Vel». "Handlaga" har vore ein god samarbeidspartnar i planlegginga av "Idédugnad for Oselvarverkstaden".

# HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Vi har ikkje hatt alvorlege hendingar eller fråværsskadar i 2021. Vi har hatt stadig fokus på Covid-19 og smitteforebygging og har diverre måtte halda stengt for publikum det meste av året. Vi har sett opp informasjon ved inngangsdøra og har hatt fokus på reinhald.

## ANNA BRUK AV VERKSTADEN

Os Fritidsfiskarlag har tidlegare år nytta andre høgda på verkstaden til møterom. I 2021 hadde dei knapt møte på verkstaden. Os Dykkeklubb har ein kompressor i eit rom ved inngangen til verkstaden. Dei har vore flittige gjester i huset, men i 2021 var det mindre aktivitet for dei og. Sløydgruppa for born har hatt ikkje hatt aktivitet på verkstaden det siste året.

## GENERELT FOR OSELVARVERKSTADEN

### a) Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3-3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

### b) Arbeidsmiljø

*Overflatebehandling:* Overflatebehandlinga går føre seg i eige rom med mekanisk utlufting. Arbeidstakarane bruker maske, overtrekksdress og hanskar under arbeidet.

*Maskiner og støy:* Maskinene er merkte etter forskrifter. Arbeidstakarane har påbod om å bruka høyrslvern når maskinene er i bruk.

*Sjukefråvær og skadar:* Sjukefråvær blant dei fast tilsette i meldingsåret har vore på 3 prosent. Fråværet gjeld for det meste pass av born som må vere heime grunna Covid-19-restriksjonar.

Vi har hatt ein skade der tilsette har fått medisinsk tilsyn i 2021. Dette skjedde då ein lastestropp løsna i samband med skogsarbeid 23. mars. Den tilsette fekk ikkje varig mein etter hendinga.

Det er utarbeidd risikoanalyse og skriftlege rutinar for risikoreduserande tiltak ved skogsarbeid. Desse er godkjende av Arbeidstilsynet. Oselvarverkstaden har avtale med "BHT, Bedriftshelsetjeneste Bergen" om bedriftshelseteneste.

### c) Likestilling

Stiftinga har for tida tre fast tilsette båtbyggjarar, ein i administrasjonen og tre lærlingar. Ein av båtbyggjarane er kvinne og ein av lærlingane er kvinne. I stiftingsstyret har det vore fem menn i meldingsåret.

### d) Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra særleg påverknad på det ytre miljøet. Det har ikkje vore hendingar med utslepp til ytre miljø i 2021.

### e) Økonomi

Driftsinntekt for 2021 var kr. 3 505 136,-, mot i 2020 kr. 3 673 415,-  
Varekostnad i 2021 var kr. -57 171,- mot i 2020 kr. 63 561,-

Personalkostnad for 2021 var på kr. 2 767 643,- mot i 2020 kr. 2 753 310,-  
Andre driftskostnadar i 2021 er på kr. 721 140,- mot i 2020 kr. 679 389,-

Resultatet visar eit underskot pr. **31.12.2021** på kr. **-38 410-**  
Samanlikna med 31.12.2020 då det vart eit overskot på kr. **19 880,-**

Styret meiner årsrekneskapan gjev eit rett bilete av stiftinga sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Os, 21.02.22

Henrik J. Askvik  
*styreleiar*

Vidar Langeland  
*dagleg leiar*

Terje Planke  
*styremedlem*

Stig Morten Frøiland  
*nestleiar*

Stig Salbu Henneman  
*styremedlem*

Helge Steinum  
*styremedlem*

 **Oselvarverkstaden 2021**